



Kristian Stråmyr

Dato:
20.06.2013

Kommunestyret 20.06.2013
Svar på spørsmål frå Kristian Stråmyr vedk. parkering ved Hildre kyrkje

Ordføraren er kjent med problemstillingane rundt parkering ved Hildre kyrkje. Sokneråd, fellesråd og grunneigarar arbeidde på 1990-talet med å finne ei løysing, men arbeidet stoppa opp då kommunen ikkje fann å kunne avsette midlar til gjennomføring av arbeidet innanfor det omfanget som ein såg som nødvendig. Fellesrådet fann heller ikkje å kunne prioritere gjennomføringa på grunn av dei "stramme" løyvingane frå kommunen.

Soknerådet tok opp att saka i 2010, og fekk utarbeidd ein mindre omfattande plan for utviding av parkeringsplassen. Planen vart oversendt fellesrådet, men fellesrådet har ikkje kunna prioritere dette på grunn av mange andre høgt prioriterte investeringsoppgåver som og krev løyving frå kommunen.

Ansaret for kyrkjer med tilhøyrande anlegg ligg til fellesrådet, men kommunen har eit økonomisk ansvar i forhold til å vurdere aktuelle løyvingar til gjennomføring av tiltak etter forslag frå fellesrådet. For å kunne gjennomføre tiltak som dette må derfor tiltaket vere prioritert av fellesrådet gjennom deira budsjettforslag, og gjennom løyving frå kommunen i tilknytning til budsjett.

Med helsing

Bjørn Sandnes
Ordfører



HARAM
KOMMUNE
ORDFØRAR